

# Åmund reiste Sagasøyla

**Kjem du oppover Bøverdalen øvst i Ottadalen, ser du brått eit nesten utruleg syn. Mot himmelranda løfter ei 34 meter høg søyle seg. Ho skulle stått framfor Stortinget, men då det ikkje vart av, brukte Åmund Elvesæter 2,6 millionar av eigne midlar for å få kunstverket på plass.**


TEKST OG FOTO:  
GERD HAUGEN

**H**istoria om korleis Eidsvollsøyla vart Sagasøyla og havna på Elveseter i Bøverdalen er som eit eventyr, og mannen bak er eit endå større eventyr. Nokon kvar vil spørje seg kva som får ein mann til å satse så mykje pengar, arbeidskraft og entusiasme på å få sett opp eit kunstverk som det norske Storting etter krigen ikkje har våga å ta hendene sine bort.

– Når eg har tent skillingane, likar eg å bruke dei. Og eg synes dei var ei skam at det som mange meiner er verdas vakresteøyla skulle ligge gatelangs i Oslo, seier søylerigar og hotellvert Åmund Elvesæter, også kient under tilnamnet Jotunkongen.

## Vår historie

Aitt i 1836 kom Henrik Wergeland med eit opprop til det norske folk om å reise eit nasjonalmonument, eit minnesmerke til ære for grunnlova. Mange engasjerte



Åmund Elvesæter har saman med kona Jessie skapt eit hotell utan like på fedregarden i Bøverdalen. Her i inngangspartiet som han sjølv har skore ut.

seg, og mange utkost vort laga. I 1926 vart Wilhelm Rasmussens ukast «Fra Hoffsfjord til Eidsvoll» vald, i teving med blant anna eit ukast av Gustav Vigeland. «Eidsvollsøyla» skulle reisast på Eidsvolls plass utanfor Stortinget.

Fram til krigen gjekk arbeidet med øylen framover, kunstnaren modellerte i gips, og 8–10 steinhoggar hogga relieffa inn i stein. Pengar var innsamla og Stortinget løyde midlar. Men så kom krigen, og med det vart lagnaden til øylen fullstendig endra.

Wilhelm Rasmussen støtta NS; etter krigen fann Stortinget det vanskeleg å reise eit monument over det nasjonale fridomsverket laga av ein som var dømd for landssvik.

– Rasmussen budde her på Elveseter mange gonger, og interessa mi var viktig for både kunstnaren og øylen som fekk ein slik ublidt lagnads. Vi samarbeide om å få sett opp eit relief av Knut Hamsun på fødestaden i Garmo i sommaren.

## Varm potet

15 års utruleg arbeid ligg bak det faktum av Sagasøyla nå løftet seg mot himmelen midt i Fjell-Noreg. – Rasmussen hadde tulla seg bort under krigen, mest på grunn av trøng økonomi. Eg fann ikkje noko nazistisk i korkje mannen eller kunsten hans, men eg vart harm over korleis han og kunstverket vart behandla. Nokre foreslo å bruke øylen til vegfylling. Korkje Stortinget eller andre med makt og myndighet våga seg borti denne varmaste poteten i norsk kulturliv.

– Eg skjønna etter kvart at det var uråd å få reist øylen på den opprinnelige tiltenkt plassen utanfor Stortinget, ja, at Oslo ikkje var aktuell i det heile. Så prøvde eg Lillehammer kommune, men dei våga ikkje etter at Stortinget hadde sagt nei. Då Lillehammer fekk Ol, øygna Åmund ein ny sjans, men fekk etter nei.

– Då skjønna eg at dette måtte eg gjera sjølv, seier Åmund i dag. På Elveseter hadde han egen grunn, han var viljig til å bruke pengar på øylen og ingen kunne skulde han for å ha politiske grunner for dette. Åmund Elvesæter leia kampen dei frilynde ungdomslaga i Gudbrandsdalen

førde under krigen for å unngå nazi-styring, og vart også fengsla.

## Start arbeid

– Det var sorjeleg å sjå korleis kunstverket var handsama. Dørleg lagring gjennom år hadde skadd gipsformene. Sjøl om Stortinget ikkje ein gong hadde brydd seg om å ta sikkeleg vare på øylen, hevda dei eige domsrett over monumentet! Men Åmund Elvesæter er ikkje ein mann som gjev seg, og hadde også skaffa seg ein god medspelar i Andr. Stangeland som styrde med arven etter Wilhelm Rasmussen.

Halvparten av øylen var hoggen ferdig før krigen, resten fanst berre i gips. Skulle øylen reisast i sin fullle 34 meter, måtte også dei øvreste relieffene, kapitélet og Harald Hårfagres hesten hogast eller steypast. Åmund Elvesæter fekk kontakt med Opplandske Betongindustri på Dokka. Odd Ødegård reparerte gipsformene og resten av øylen vart steypet i kunstbetong, og skil seg ikkje merkande frå dei delane som er hogne i sjenit. Eit heilt år arbeidde Opplandske Betongindustri med øylen for den på ettersommaren i 1992 kunne reisast mellom fjella i Bøverdalen.

## Norsk historie i stein

500 tonn veg øylen som står på ein betongkoloss som gör åtte-ni meter ned i jorda. Med det utruleg sermerkete hotellelet som Åmund Elvesæter og kona Jessie har bygd opp på den gamle familiegarden i Bøverdalen som nærmeste granne, reiser Sagasøyla seg mot himmelen. Tuistane stoppar i flokkevis for å sjå på nærmere på det utrulege synet.

Søylerakkene viser norsk historie frå smørkongane i høvdingrekka nederst, vidare motiv frå Hafsfjord, Dølegudbrand, Åsgårdstreia, bygging av kyrkjer, heilag, Sigurd jörsldifar, korsfararane, slaget på Kiringen, bergverksdrift, Tordenskjold, bispeseta og heilt til slut Fidsvollsmennene som held kvarande i hendene og seier «Enig og tra til Døve faller».

Øylen vert avslutta med eit kvadratisk kapitél med kong Erik Magnussons majestatssegl anno 1294 og symbola til dei norske bispeseta. Heilt på toppen tronar kong Harald Hårfagre på sin

hest. Opprinnleg skulle her den norske løva ha trona, men dette vart endra under arbeidet.

## Eventyrhotellelet

Næraste granne til Sagasøyla er Åmund og Jessie Elvesæters livsverk, hotellelet dei har bygd opp til det mest sermerkte i landet. Her er ikkje glass og glitter, men heile hotellelet er eit levande museum, fyllt med antikviteter, maleri, treskurd og husflid av dei mest ulike slag.

– Eg kjøper heller eit skåp enn ny bil, men så har eg nok også eldste bilen i Bøverdalen, smiler Åmund og har historier å fortelle om det meste som gjer dette hotellelet til skrinet med det rare for dei tusenvis av turistar som sommarsesongen er innom Elveseter.

Klenodia er mange, frå skåp skome av den store meistaren Skjøk-Ola til ikon og antikvitatar frå ulike land Åmund og Jessie har vitja. – Det første vi gjør når vi kjem til ein ny by, er å spørje etter antikvitetsbutikkar. Mykje utanfrå passar godt soman med det som er gjenstammer på Elveseter, dei gamle bondeantikvitetane.

På veggane i dei utrulege roma på Elveseter finnst også nokre av Adolph Tidemanns beste bilde, «Norsk gravel», «Sognebud» og «Alskeden fra de gamle foreldre» er juvelene i ei omfattande kunstsamling.

Ei vandring gjennom salongar og andre rom i Elveseter er fyllt av kunst og kultur, historie og glede over vakrare ting. Verdens kunstnar-givnad viser seg i treskurd, også i det er han i god gudbrandsdalsk tradisjon.

Men i dag gler Åmund Elvesæter seg eller mest over det storfelte kunstverket Sagasøyla som har kome ut av lagerkur og gløymse. Alle som fer vegen mellom Gudbrandsdalen og Sogn ser øylen som ingen ville ha, men som ved ein manns innsats og offenvilte fann rette plassen mellom dei høgaste fjell.

**Sjølv om fjella er høge inni Jotunheimen, synest Sagasøyla godt i landskapet ved Elveseter Hotel i Bøverdalen. Øylen som skulle stått ved Stortinget fekk plassen sin midt i Fjell-Noreg takka vera Åmund Elvesæters langvarige innsats for å få øylen ut av gløymse og vanære.**

